



Sommerro Panorama AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1178 - 19/14068

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.05.2019

Løyve til oppretting av ny grunneigedom BK1 - gbnr 137/66 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 269/19

Heimelshavar: Sommerro Panorama AS
Søkjjar: Sommerro Panorama AS
Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av om lag 1455,8 m² frå gbnr. 137/66.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.04.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 10.04.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet/id 1263-201215 er definert som konsentrert bustad, område BK1. det er i sak 18/2096 og 18/2097 godkjent etablering av 2 stk. 4-mannsbustadar på det aktuelle arealet.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Ansvarleg søkjar har i søknad gjort greie for følgjande:
Nabovarsel

Gbnr 137/66, som tiltaket er ein del av har mange naboar. Vi har sendt nabovarsel til dei som vert berørt av tiltaket og utelete nausta i strandkanten, sjå liste og vurdering for nabovarsel C-3. Det er ikkje kome merknad til utsendt nabovarsel.

Kommunen legg søkjar si vurdering til grunn og krev ikkje yttarlegare nabovarsling jf. plb. § 21-3.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 04.03.19.

Vatn og avløp (VA)

Det ligg føre godkjend VA-rammeplan i sak 17/3150. Eigedommen er sikra tilknytning til offentlege vass- og avlaupsleidningar, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Tilkomst, avkøyrse og parkering

Avkøyrse til offentlig veg følger av godkjent reguleringsplan.

Eigedommen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Det ligg føre avtale om vegrett over gbnr. 137/66 av 06.07.18, avtala gjeld tilkomst over regulert felles køyreveg f_V6 fram til regulert offentlig veg o_V3.

VURDERING:

Naturmangfaldlova


Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Ny parsell er søkt etablert i tråd med godkjent reguleringsplan.



Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det er synt i situasjonsplan datert 04.03.19, i samsvar med gjeldande reguleringsplan Kubbaleitet/planid.: 1263-201215.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Konklusjon

Kommunen gjev løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1455,8 m² frå gbnr.137/66.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 1455,8 m² frå gbnr. 137/66. Løyve til frådelling vert gjeve på følgande vilkår:

- 1. Frådelling skal skje i samsvar med avgrensing av område BK1, jf. reguleringsplan Kubbaleitet/planid.:1263-201215.**
- 2. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 04.03.19, jf. pbl. § 29-4.**
- 3. Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.**
- 4. Eventuell rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.**
- 5. Eventuell vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.**

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå

rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 19/1178

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
----------------------	------------------------	------	----------

Mottakarar:

Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
----------------------	------------------------	------	----------